

Møteinnkalling

Utval:	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Møtestad:	Thon Hotel Bergen Airport, Kokstadvegen 3, Kokstad
Dato:	06.10.2021
Tid:	09:00

Seminar og møte er fysisk, med moglegheit for å delta digitalt.

Påmelding til politisk@vlfk.no dersom du vil delta digitalt, slik at vi kan rekne riktig tal til lunsj.

Program:

Fellesmøte mellom hovudutval for opplæring og kompetanse og hovudutval for næring

Kl. 09:00 **Innleiing**

v/avdelingsdirektør for innovasjon og næringsutvikling, Bård Sandal og avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse, Bjørn Lyngedal

Kl. 09:10 **Kompetanseforum Vestland - kvifor er dette samarbeidet viktig for oss?**

v/Roger Pilskog, LO (tbc) og Gunnar Yttri, rektor HVL (tbc)

Kl. 09:30 **Kompetanseutvikling i arbeidslivet**

v/avdelingsdirektør Bård Sandal og seksjonssjef Kathrin Jakobsen

Kl. 10:00 **Korleis kan vi møte utfordringane?**

Rekrutterings- og utdanningsstrategi for profesjonsutdanningane - Presentasjon av forstudie mellom HVL og fagskulen

v/rektor fagskulen Sogn og Fjordane, Reidar Grønli og rektor fagskolen i Hordaland, Torbjørn Mjelstad

Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning - døme på samarbeid mellom HVL og fagskulen

v/rektor fagskulen Sogn og Fjordane, Reidar Grønli og rektor på HVL, Gunnar Yttri (tbc)

Rekruttering til fag- og yrkesopplæringa

v/Roger Pilskog

Analysebrettet - verktøy for å følgje utviklinga i vidaregåande opplæring

v/Utdanningsdirektoratet

Kl. 11:00 Lunsj

Hovudutval for opplæring og kompetanse

Kl. 12:00 **Opning av møtet**

Kl. 12:05 **Oppsummering fagdag tilpassa opplæring og vegen vidare**

v/Sonja Øvre-Flo, saksordførar

- Kl. 12:15 **Orientering om prosessen rundt høyring av ny opplæringslov**
v/Kenth Rune Teigen Måren, seksjonssjef kvalitet i opplæringa
- Kl. 12:35 **Orientering om oppstart av Visma InSchool (VIS)**
v/Øivind Høines, seksjonssjef inntak, forvaltning, sluttvurdering
- Kl. 12:55 **Sakshandsaming til møtet kan avsluttast**

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Hovudutval for opplæring og kompetanse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Karianne Alette Torvanger
Utvalsleiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 18/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 19/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i hovudutval for opplæring og kompetanse 08.09.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 36/21	Oppretting av vg3 fagopplæring i skule	2021/2704	
RS 37/21	Bruk av statlege kompetanseordningar skuleåret 21-22	2021/2407	
RS 38/21	Ny skala for tilleggspoeng ved søking til vg1 musikk, dans og drama og vg1 idrettsfag	2021/2757	
RS 39/21	Høve til å halde fjernmøter i 2022 etter at midlertidig lov om unntak frå kommunelova opphevast 01. desember 2021	2021/1290	
	Politiske saker		
PS 48/21	Målform i vidaregåande opplæring	2021/47822	
PS 49/21	Tilbodet i utdanningasprogrammet elektro og datateknologi- dimensjonering og lokalisering	2021/47481	

**Godkjenningssaker
GK 18/21 Godkjenning innkalling og sakliste**

Saksnr: 2020/77170-25
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	19/21	06.10.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i hovudutval for opplæring og kompetanse 08.09.21

Vedlagt er møteprotokoll frå møtet i hovudutval for opplæring og kompetanse 08.09.21.

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Møtestad:	, Fjernmøte
Dato:	08.09.2021
Tid:	09:05-14:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Alette Torvanger	Leiar	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A (gjekk 13:30)
Nina Bognøy	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A (frå 9:15)
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Pauline Tomren	Medlem	MDG
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H (gjekk 13:30)
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R
Nils Haugland	Medlem	FNB
Rosalind Fosse	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KRF

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hildegunn Eiane Aarhun	Kristina Vaktskjold Hamre	KRF

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse
Øivind Høines	Seksjonssjef inntak, forvaltning, sluttvurdering
Hege Bugge Gjerdevik Osebakken	Fagleiar inntak, forvaltning, sluttvurdering
Lotte Lynngård	Rådgjevar politisk sekretariat / møtesekretær

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Arkiv-saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 14/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 15/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 25.05.2021	2019/130	
GK 16/21	Godkjenning av møteprotokoll frå ekstramøte i hovudutval for opplæring og kompetanse 15.06.2021	2019/130	
GK 17/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 10.08.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 31/21	Nytt for skuleåret 2021/22	2021/26751	
RS 32/21	Løypemelding - arbeid med ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune	2020/35844	
RS 33/21	Løypemelding om tilpassa opplæring og spesialundervisning	2021/26763	
RS 34/21	Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020 - 2021	2021/26593	
RS 35/21	Kompetansepilot Vestland - løypemelding	2020/78634	
	Skriftlege spørsmål		
SI 7/21	Spørsmål frå Andersen (Sp) - om status for nynorsk ved skulestart	2020/38206	
SI 8/21	Spørsmål frå Reksnes (Sp) - om ungdommen i den vidaregåande skulen og kunnskap om konsekvensane av rusbruk	2020/38206	
SI 9/21	Spørsmål frå Tomren (MDG) - garderobesituasjon vgs	2020/38206	
	Politiske saker		
PS 39/21	Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune (DEL 1)	2021/26764	
PS 40/21	Tertialrapport pr. august 2021 - rekneskapsprognose	2021/39100	
PS 41/21	HU OPPKO Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21	2021/39118	
PS 42/21	Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2020-2021	2020/37052	
PS 43/21	Seriositetskrav i Vestland fylkeskommune - Oppfølging av vedtak	2021/19094	
PS 44/21	E-sport i Vestland fylke. Status på område, kunnskapsgrunnlag og strategi for arbeidet.	2020/187	
PS 45/21	Nye Kvam vgs - Romprogram og sambruk med Kvam herad	2020/62095	
PS 46/21	Nytt namn fagskulen i Vestland	2021/45030	
PS 47/21	Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020-2021		

Godkjenningssaker

GK 14/21 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Innkallinga vart godkjent utan merknadar.

Nina Bognøy (A) sette fram forslag om å løfte «RS 34 Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020-2021» til politisk sak. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å sette saka på sakskartet.

Saklista vart godkjend med dei marknadane som er nemnd over.

GK 15/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 25.05.2021

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Åsmund Berthelsen (SV) fremma at spørsmål frå Jeanette Onarheim Syversen (R) ikkje var teke med i protokollen, og hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes at det skulle protokollerast.

Møteprotokoll frå hovudutval for opplæring og kompetanse 25.05.21 vart godkjend med dei merknadane som nemnd over.

GK 16/21 Godkjenning av møteprotokoll frå ekstramøte i hovudutval for opplæring og kompetanse 15.06.2021

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Møteprotokoll frå hovudutval for opplæring og kompetanse 15.06.21 vart godkjend utan merknadar.

GK 17/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 10.08.21

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Møteprotokoll frå hovudutval for opplæring og kompetanse 10.08.21 vart godkjend utan merknadar.

Referatsaker

RS 31/21 Nytt for skuleåret 2021/22

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

RS 31/21 vart referert.

RS 32/21 Løypemelding - arbeid med ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

RS 32/21 vart referert.

RS 33/21 Løypemelding om tilpassa opplæring og spesialundervisning

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

RS 33/21 vart referert.

RS 34/21 Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020 - 2021 **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021**

RS 34/21 vart referert.

RS 35/21 Kompetansepilot Vestland - løypemelding **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021**

RS 35/21 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 7/21 Spørsmål frå Andersen (Sp) - om status for nynorsk ved skulestart

Representanten **Alexander Fosse Andersen (Sp)** stilte følgjande spørsmål:

Situasjonen for nynorsk i Vestland har vore diskutert ved fleire høve i ulike fylkeskommunale organ. Målbyte og manglande læremiddel på nynorsk har vore tema på møte i opplærings og kompetanseutvalet. Som det største nynorskfylket i landet er det viktig at Vestland har ein aktiv politikk for å styrke nynorsken og leggje til rette for eit levande nynorsk skriftspråk på ulike arenaer i samfunnet. Fylkestinget har tidlegare vist engasjement for nynorsk mellom anna gjennom etableringa av Nynorskfylket Vestland, eit nettverk som jobbar for auka bruk og fremjing av nynorsk på alle samfunnsområde i Vestland. Vestland fylkeskommune har i tillegg utvikla og tatt i bruk «Retningslinjer for klart språk og god nynorsk», ein praktisk språkrettleiar for dei tilsette.

Senterpartiet opplever at det er ei positiv haldning til nynorsk både i det politiske miljøet og i administrasjonen i Vestland fylkeskommunen. Dei svara som er blitt gitt på skriftlege spørsmål i saker som omhandlar nynorsk har vore positive, men spørsmålet er korleis me, både politikarar og administrasjon, følgjer dette opp. For Senterpartiet er det viktig at elevar og andre innbyggjarar i Vestland møter nynorsk i kvardagssituasjonar, til dømes på skulen, i kollektivtrafikken og når dei nyttar seg av kulturtilbod. Me er òg opptekne av at tilsette i fylkeskommune skal få tilbod om opplæring i nynorsk.

Eg har difor desse spørsmåla til utvalsleiar:

1. Kva er status for læremiddel på nynorsk, både trykte og digitale, ved skulestart no i haust?
2. Er det gjort «framstøyt» overfor elevar og tilsette i skulen for å fremje bruk av nynorsk og unngå målbyte ved skulestart?
3. I kva grad vert nynorsk nytta ved dei vidaregåande skulane, spesielt i Stor-Bergen, til dømes på oppslagstavler og digitale skjermar?
4. På kva måte vert «Retningslinjer for klart språk og god nynorsk» nytta i fylkeskommunale verksemdar utanfor fylkesadministrasjonen, til dømes dei vidaregåande skulane og Skyss?
5. Får tilsette i Vestland fylkeskommune tilbod om nynorsk kurs?

Med utgangspunkt i spørsmåla over vil eg be om at det vert lagt fram ei politisk sak om overordna retningslinjer for språkbruk i Vestland fylkeskommune.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse gav følgende svar:

Til møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 27.04.2021 stilte Fosse ei rekke spørsmål om målbytte og språkval for elevar i vidaregåande opplæring. Avdelingsdirektøren svarte ut spørsmåla. I svaret frå avdelingsdirektøren var det ei rekke punkt som avdelingsdirektøren ville følgje opp i sektoren. På bakgrunn av svarea er det sett i gang eit arbeid med ei eiga sak til utvalet om korleis sektoren arbeider med å fremje nynorsk. Saka vil innehalde

- ei kartlegging av nynorske læremidlar i fagfornyinga
- tiltak for å følgje opp målbytte i overgangen til vidaregåande opplæring
- nynorsk i all kommunikasjon, oppslagstavler og digitale skjermar i Vestland fylkeskommune og å innarbeide «Retningslinjer for klart språk og god nynorsk» i heile sektoren
- Utarbeide tilbod om kompetanseheving for tilsette i bruk av nynorsk

Saka vert lagt fram for utvalet i møte 06.10.2021.

SI 8/21 Spørsmål frå Reksnes (Sp) - om ungdomen i den vidaregåande skulen og kunnskap om konsekvensane av rusbruk

Representanten **Sigurd Reksnes (Sp)** stilte følgjande spørsmål til hovudutvalet:

I møte med elevar no valkampen, så har fleire tatt opp at det er behov for meir kunnskap hjå elevane om kva konsekvensar bruk av ulike rusmiddel kan ha. Kva gjer Vestland Fylkeskommune for at ungdomen i den vidaregåande skulen skal få kunnskap om konsekvensane av rusbruk? Meiner fylkeskommunedirektøren at dette arbeidet vert prioritert høgt nok i dag?

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse gav følgende svar:

1.

Vestland fylkeskommune arbeider med å styrke det systematiske rusførebyggande arbeidet i den vidaregåande opplæringa.

Det er viktig at elevane får kunnskap som er basert på solid rusfagleg kompetanse, og ikkje tilfeldige tilbydarar av informasjon. Derfor organiserer det regionale kompetansesenteret på området, Kompetansesenter Vest Bergen (KoRus Bergen) faglege samlingar for skulane, der kunnskap om rusmiddel - verknad, bekymring og risikofaktorar er eitt av temaa. Vidare formidlar kompetansesenteret kompetanse på:

- Korleis undervise om rusmiddel og få gode diskusjonar i klassen?
- Rus som tema på foreldremøte
- Ved bekymring; korleis møte enkeltelevar og deira føresette?
- Organisering og implementering av systematisk rusarbeid ved skulen

Det rusførebyggande arbeidet må inkludere både dei tilsette, elevar og foreldre/føresette. Skulen må også ha gode samarbeidspartar å støtte seg på og kunne spele på lag med.

Skulane blir inviterte til nettverk gjennom samlingar, digitale og fysiske. Første samling dette skuleåret er 27. oktober, og invitasjon er gått til alle skular. Pr. dags dato har 29 vidaregåande skular meldt seg på.

2.

Påmeldinga til nettverkssamlingar om rusførebygging viser at 29 av 45 skular allereie er påmeldt, og dei 16 andre vil bli oppmoda om å delta. Skulane syner god interesse for å arbeide systematisk på dette feltet då førebyggande arbeid er vesentleg for skulane. Førebyggande arbeid må skje kontinuerleg, systematisk og kunnskapsbasert.

SI 9/21 Spørsmål frå Tomren (MDG) - garderobesituasjon vgs

Representanten **Pauline Tomren (MDG)** stilte følgjande spørsmål:

Sist veke var eg i kontakt med jenter som går byg- og annleggsteknikk på Slåtthaug VGS som oppga at skulen ikkje hadde eigne garderober til dei. Vestland fylkesting kom nyleg med eit fråsegn kor vi oppmodna bygg- og annleggsbransjen til å ta tak i mangel på garderober for kvinner.

Mange av yrkesfaga som tradisjonelt er mannsdominerte får fleire kvinnelege søkarar til linjene sine. Desse jentene er fullverdige elever på lik linje med guttane som går på linjer kor det er behov for garderobe til klesskifte. Det er viktig at fylkeskommunen sikrer eit likeverdig tilbod til alle elevar uansett kjønn.

Spørsmål til utvalsteiar med utgangspunkt i informasjonen over

Kva for linjer har behov for garderober til klesskifte før praktisk undervisning?

Kor mange skular i fylkeskommunen manglar tilstrekkeleg med kjønnsdelte garderober til elevane?

Korleis jobber slåtthaug VGS med å løyse problemstillinga med manglande garderobe, og kva for oppfølging får dei frå fylkeskommunen?

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse gav følgjande svar:

Situasjonen på Slåtthaug vgs:

På grunn av at VLFK hadde for få yrkesfagsplasser i Bergensområdet så opprettet Fylkestinget ekstra yrkesfagsklasser på noen av skolene. Slåtthaug vgs var en av disse, blant annet en ekstra klasse på Bygg og anlegg.

Det hyggelige bildet var også at skolen fikk 9 jenter på vg1 bygg og anlegg, dessverre så har eldre skoler ikke like fleksible garderobeløsninger for å håndtere jenter/gutter. Dette jobbes det med i nye skoler. Se svar på dette lenger ned.

Da skolen fikk ekstra klasse og fikk beskjed om at jente-andelen økte, så bestilte de ekstra garderobeskap, men det har vært lang leveringstid på disse pga sommerferie og Korona.

Skolen forteller at jentegarderobe ikke var på plass til skolestart, men bekrefter i telefonsamtale med avdelingsleder/ass.rektor i dag 08.09.2021 om at dette nå er i orden.

Det mer generelle arbeidet rundt garderober til verkstedsfag:

Det er spesielt fag knyttet til TIF, Bygg og anleggsteknikk og Naturbruk som trenger å skifte til arbeidstøy.

For å ha mest mulig fleksible skoler så ser at det er krevende å spå hvor mange klasser og kjønnsfordeling.

I nye skoler så planlegger vi nå mer åpne garderober, med mange lukkede skifterom, tørkerom, dusjer og toaletter i umiddelbar tilknytning til areal for garderobeskap.

Ansattgarderobene ligger også i tilknytning til dette arealet, flere voksne i nærheten av elevene.

Vi håper at dette gir oss bedre fleksibilitet i forhold til antall elever, kjønnsfordeling, mindre hærverk og mindre mobbing.

Vi ser at der blir mindre farlige situasjoner i verkstedet fordi lærer ikke trenger å låse opp og igjen garderobene for elevene, for eksempel hvis de kommer for sent.

Vi ønsker ikke å forlate verkstedene uten voksne til stede.

Politiske saker

PS 39/21 Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune (DEL 1)

Forslag til innstilling/vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek til vitande at Kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring i si heilheit (del 1 og del 2) skal handsamast i hovudutvalet for opplæring og kompetanse i november 2021 og i fylkestinget i desember 2021.

Saksprotokoll i Hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Avrøysting

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek til vitande at Kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring i si heilheit (del 1 og del 2) skal handsamast i hovudutvalet for opplæring og kompetanse i november 2021 og i fylkestinget i desember 2021.

PS 40/21 Tertialrapport pr. august 2021 - rekneskapsprognose

Framlegg til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

	kr 1 000
Tunellrehabilitering	-58 479
Mindre utbetringar	-37 966

Gang- og sykkelveggar	-13 000
Trafikktryggingstiltak	-18 830
Miljø og servicetiltak	-8 086
Øvrig	-1 500
Skredsikring	82 000
Sum vegar	-55 861
<hr/>	
Måløy vgs - opplæringsfartøy	-20 000
Åsane vgs	-34 900
Langhaugen vgs	-15 400
Oppattløyv. avslutn. gamle prosjekt	148 232
Utstyrsmidlar skulane	6 963
Sum bygg	84 895
<hr/>	
Sum investeringar	29 034
<hr/>	
Finansiering:	
Mva komp.	5 804
Lån	23 230
Sum finansiering	29 034
<hr/>	

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet:

kr 1 000			
Løyvingsniv å	Tekst	Meirutg./ Mindreinnt.	Meirinnt./ mindreutg.
1	Rammetilskot		282 074
1	Skatt		48 000
7	Lønsavsetjing	38 000	
16	IKT og digitalisering	6 000	
18	Tannhelse - pasientbehandling	10 882	
18	Tannhelse - avsetjing til fond	10 000	
30	VGS	11 180	
51	Billettinntekter kollektiv	214 600	
54	Ferjetakstar	35 412	

62	Administrasjon infrastruktur og veg	4 000	
		330 074	330 074

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

	kr 1 000
Tunellrehabilitering	-58 479
Mindre utbetringar	-37 966
Gang- og sykkelvegar	-13 000
Trafikktryggingstiltak	-18 830
Miljø og servicetiltak	-8 086
Øvrig	-1 500
Skredsikring	82 000
Sum vegar	-55 861
Måløy vgs - opplæringsfartøy	-20 000
Åsane vgs	-34 900
Langhaugen vgs	-15 400
Oppattløyv. avslutn. gamle prosjekt	148 232
Utstyrsmidlar skulane	6 963
Sum bygg	84 895
Sum investeringar	29 034
Finansiering:	
Mva komp.	5 804

Lån	23 230
Sum finansiering	29 034

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet:

kr 1 000			
Løyvingsniv å	Tekst	Meirutg./ Mindreinnt.	Meirinnt./ mindreutg.
1	Rammetilskot		282 074
1	Skatt		48 000
7	Lønsavsetjing	38 000	
16	IKT og digitalisering	6 000	
18	Tannhelse - pasientbehandling	10 882	
18	Tannhelse - avsetjing til fond	10 000	
30	VGS	11 180	
51	Billettinntekter kollektiv	214 600	
54	Ferjetakstar	35 412	
62	Administrasjon infrastruktur og veg	4 000	
		330 074	330 074

PS 41/21 HU OPPKO Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21

Forslag til uttale

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2022.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2022- 2025.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert budsjett for sektoren fordelt på løyvingsnivå og medinnarbeidde salderingstiltak.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Åsmund Berthelsen (SV) sette på vegner av A, FNB, Frp, H, MDG, SP, SV, Krf og R fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til orientering.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil peike på nokre sentrale moment som er viktige i det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan:

Mål og strategidokumentet «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» og kvalitetsmeldinga må danne grunnlag for prioriteringar i budsjettet for sektoren. Arbeidet med budsjett for sektoren må difor koordinerast med arbeidet med handlingsprogrammet. Utvalet vil peike på at mål nummer 1 er at « Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.»

Utvalet viser til at det i planperioden er auke i elevtalet. Utvalet er oppteken av at vi må ha gode nok rammer til å sikre eit godt og likeverdig vidaregåande tilbod for alle i heile Vestland og at alle elevar som har rett på det, skal få eit tilbod. Utvalet vil halde fram med å styrke yrkesfaga og ikkje redusere tilbodet. Vidare at det skal vere høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.

Utvalet vil også peike på at dei vidaregåande skulane ikkje vil vere i ein normalsituasjon på ei god stund. Difor er det viktig å prioritere sektoren høgt i budsjettet for 2022.

Utvalet deler avdelingsdirektøren sine bekymringar for at mange av dei føreslegne kutta kan få direkte konsekvensar for breidda og kvaliteten i den vidaregåande opplæringa og medverke til sentralisering.»

Avrøysting

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse sitt forslag fekk 0 røyster og fall.

Berthelsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til orientering.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil peike på nokre sentrale moment som er viktige i det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan:

Mål og strategidokumentet «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» og kvalitetsmeldinga må danne grunnlag for prioriteringar i budsjettet for sektoren. Arbeidet med budsjett for sektoren må difor koordinerast med arbeidet med handlingsprogrammet. Utvalet vil peike på at mål nummer 1 er at «Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.»

Utvalet viser til at det i planperioden er auke i elevtalet. Utvalet er oppteken av at vi må ha gode nok rammer til å sikre eit godt og likeverdig vidaregåande tilbod for alle i heile Vestland og at alle elevar som har rett på det, skal få eit tilbod. Utvalet vil halde fram med å styrke yrkesfaga og ikkje redusere tilbodet. Vidare at det skal vere høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.

Utvalet vil også peike på at dei vidaregåande skulane ikkje vil vere i ein normalsituasjon på ei god stund. Difor er det viktig å prioritere sektoren høgt i budsjettet for 2022.

Utvalet deler avdelingsdirektøren sine bekymringar for at mange av dei føreslegne kutta kan få direkte konsekvensar for breidda og kvaliteten i den vidaregåande opplæringa og medverke til sentralisering.

PS 42/21 Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2020-2021

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Nina Bognøy (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.
2. Fylkestinget ber administrasjonen melda tilbake til hovudutval for opplæring og kompetanse 1.kvartal 2022 korleis ombodet sine tilrådingar i årsmeldinga er følgd opp.»

Avrøysting

Bognøy sitt forslag vart satt opp mot innstillinga og Bognøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.
2. Fylkestinget ber administrasjonen melda tilbake til hovudutvalet for opplæring og kompetanse 1. kvartal 2022 korleis ombodet sine tilrådingar i årsmeldinga er følgd opp

PS 43/21 Seriositetskrav i Vestland fylkeskommune - Oppfølging av vedtak

Forslag til innstilling

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Jeanette Onarheim Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til innstillinga punkt 1

Vestland går inn for at hovedregelen ved slike fylkeskommunale innkjøp og oppdrag, er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale.»

Åsmund Berthelsen (SV) sette fram på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf slikt forslag (1):

«Tillegg

1.Krav om tarifflønn mellom oppdrag

Krav om tarifflønn bør innførast, slik det er gjort i Oslo modellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den ein skilde innleigde sin tilsetningskontrakt.

2.Krav om faglærte handverkarar

Krav om faglærte handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærte til 80%.

3.Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

Forslag til vedtak:

Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr kommuneloven § 13-1.»

Åsmund Berthelsen (SV) sette fram på vegner av A, MDG, SV og Krf slikt forslag (2):

«Tillegg

Lærlingar

Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar, og ha lærlingar på dei aktuelle prosjekta. Dette er eit krav utan unntak.

Begrensning i antall ledd underleverandørar

Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.»

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling punkt 2 fekk 14 røyster mot 1 (SV) og vart vedteke.

Berthelsen sitt forslag (1) fekk 10 røyster mot 5 (H, FNB, Frp) og vart vedteke.

Berthelsen sitt forslag (2) fekk 8 røyster mot 7 (Sp, H, FNB, Frp) og vart vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

3. Krav om tariffløn mellom oppdrag

Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

4. Krav om faglærde handverkarar

Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%.

5. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

6. Lærlingar

Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar, og ha lærlingar på dei aktuelle prosjekta. Dette er eit krav utan unntak.

7. Begrensing i antal ledd underleverandørar

Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede

Vedtak

Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr. kommunelova § 13-1.

PS 44/21 E-sport i Vestland fylke. Status på område, kunnskapsgrunnlag og strategi for arbeidet.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek strategiske aksjonspunkt som ligg ved i eige dokument. Aksjonspunkta vil bli evaluert og revidert hausten 2022.
2. Fylkestinget tek til orientering kunnskapsgrunnlag for e-sport og gaming i Vestland som ligg ved som eige dokument. Kunnskapsgrunnlaget blir oppdatert årleg.
3. Fylkestinget prioriterer arbeidet med oppfølging av strategien i komande budsjetthandsaming.
4. Vestland fylkeskommune sitt engasjement vert dekkja innanfor avdelingane sine budsjett.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Pauline Tomren (MDG) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf fram slikt forslag:

«Tillegg

5. Vestland fylkeskommune skal jobbe for å utvikle læringsressursar innanfor e-sport tilpassa norsk vidaregåande opplæring. Det skal undersøkast om dette kan gjerast i NDLA, og om det finst tilskotsordningar som kan brukast til å finansiere læringsressursane.»

Jeanette Onarheim Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til innstillinga punkt 1

1. Fylkestinget vedtek strategiske aksjonspunkt som ligg ved i eige dokument, med følgjande tillegg:

Tillegg strategi på Esport Vestland:

Hovudmål tillegg: Støtte samarbeid på tvers av aktører på Esport- og Gaming feltet i Vestland. Øke kompetanse og sikre gode strategier på hva Esport skal være. Esport og Gaming skal være inkluderende og det skal finnes gode lavterskeltilbud i hele fylket.

1. Aktører innen Esport feltet bør jobbe aktivt på å inkludere på tvers av sosio-økonomiske kår, etnisitet, kultur og kjønn. Dette vil si at de som jobber med dette bør ha en aktiv og tydelig strategi på inkludering og integrering, og ikke minst holdningsarbeid rettet mot u-kulturen, som kalles «Toxicity» innen E-sporten. Dette er noe Vestland fylkeskommune vil vektlegge når det gis støtte til prosjekt.

2. Det stilles krav til universell utforming ved eventuelle tilskuddsordninger. Eksempelvis vil en person i rullestol ha behov for pult som kan reguleres, og ellers fremkommelighet i lokalet som aktiviteten finner sted i. Ved å dekke kostnader knyttet opp til dette vil Vestland Fylkeskommune bidra med å skape en inkluderende arena.

3. Vestland fylkeskommune sine ordninger skal støtte lavterskel åpne møteplasser innen spill og Esport i Vestland, her stilles visse krav til møteplassen dersom de søker støtte fra Vestland Fylke ; 3.1. Møteplassen skal være åpen for alle nivå (sikre bredde). 3.2. Møteplassen må tilrettelegge/ være bevisst på universell utforming i forhold til at alle skal være inkludert. 3.3 Møteplassen må kunne vise til at de aktivt senker terskelen for deltagelse (eks. Gratis/rimelig inngang). 3.4. Møteplassen må befinne seg i fylket Vestland.

4. Jamfør seksjonen om Dataspel og Spellutvikling, samt strategien Spillerom skal Vestland Fylkeskommune støtte opp om tiltak som er med på å heve kompetanse, næringsutvikling og samarbeid på tvers av aktører på feltet. Den norske spillbransjen er fortsatt i en tidlig vekstfase, og for å vokse har bransjen behov for støtte også på et regionalt nivå. Dette kan vi blant annet oppnå med å støtte mer opp om bransjehevende tiltak som Konsoll og Noneda - dette som tillegg til ordningen «Regional Bransjeutvikling innen kulturell- og kreativ næring».

Aksjonspunkta vil bli evaluert og revidert hausten 2022.»

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek strategiske aksjonspunkt som ligg ved i eige dokument. Aksjonspunkta vil bli evaluert og revidert hausten 2022.

2. Fylkestinget tek til orientering kunnskapsgrunnlag for e-sport og gaming i Vestland som ligg ved som eige dokument. Kunnskapsgrunnlaget blir oppdatert årleg.

3. Fylkestinget prioriterer arbeidet med oppfølging av strategien i komande budsjetthandsaming.

4. Vestland fylkeskommune sitt engasjement vert dekkja innanfor avdelingane sine budsjett.

5. Vestland fylkeskommune skal jobbe for å utvikle læringsressursar innanfor e-sport tilpassa norsk vidaregåande opplæring. Det skal undersøkast om dette kan gjerast i NDLA, og om det finst tilskotsordningar som kan brukast til å finansiere læringsressursane.

PS 45/21 Nye Kvam vgs - Romprogram og sambruk med Kvam herad

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek vedlagt funksjonsprogram og romliste for nye Kvam vidaregåande skule innafor ei økonomisk totalramme for prosjektet er 328,6 millionar i 2021- kroner.
2. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga blir prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.
3. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å utarbeide avtale med Kvam herad om sameige og sambruk for det nye anlegget.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, Krf fram slikt forslag:

«Tillegg

Nytt punkt 4:

Fylkestinget viser til fylkestingssak 150/20 Open skule prinsippet ved dei vidaregåande skulane og ber om at open-skule-prinsippet får ein sentral plass i det vidare arbeidet med romprogram og sambruk med Kvam herad.

Nytt punkt 5:

Fylkestinget er positivt til at Kvam vidaregåande skule og avdeling for opplæring og kompetanse ser på moglegheitene for å knyte skulen enda nærmare til det lokale arbeids- og næringslivet.»

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek vedlagt funksjonsprogram og romliste for nye Kvam vidaregåande skule innafor ei økonomisk totalramme for prosjektet er 328,6 millionar i 2021- kroner.
2. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga blir prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.
3. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å utarbeide avtale med Kvam herad om sameige og sambruk for det nye anlegget.
4. Fylkestinget viser til fylkestingssak 150/20 Open skule prinsippet ved dei vidaregåande skulane og ber om at open-skule-prinsippet får ein sentral plass i det vidare arbeidet med romprogram og sambruk med Kvam herad.
5. Fylkestinget er positivt til at Kvam vidaregåande skule og avdeling for opplæring og kompetanse ser på moglegheitene for å knyte skulen enda nærmare til det lokale arbeids- og næringslivet.

PS 46/21 Nytt namn fagskulen i Vestland

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune sin nye samanslåtte fagskule skal hete Fagskulen Vestland.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Vestland fylkeskommune sin nye samanslåtte fagskule skal hete Fagskulen Vestland.

PS 47/21 Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020-2021

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Nina Bognøy (A) sette på vegner av A, MDG, SP, SV og Krf fram slikt forslag:

- «1.Hovudutvalet for opplæring og kompetanse tek årsmeldinga til orientering.
2. Hovudutvalet støttar oppmodinga frå mobbeombodet og peikar på viktigheten av avsnitt «Vegen vidare» i årsmeldinga.»

Avrøysting

Bognøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- 1.Hovudutvalet for opplæring og kompetanse tek årsmeldinga til orientering.
2. Hovudutvalet støttar oppmodinga frå mobbeombodet og peikar på viktigheita av avsnitt «Vegen vidare» i årsmeldinga.

Referatsaker
RS 36/21 Oppretting av vg3 fagopplæring i skule

Saksnr: 2021/2704-12
Saksbehandlar Tor Ivar Sagen Sandvik
Dato: 27.09.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse

Oppretting av vg3 fagopplæring i skule

På bakgrunn av tal søkarar til læreplass utan tilbod, er det gjort ei vurdering av kva lærefag det er størst avvik mellom søkarar til læreplass og kor mange som står utan kontrakt. Tala under viser på kva grunnlag behov for vg3 fagopplæring i skule blei oppretta.

Referatsaka viser tal søkarar utan læreplass per nærskuleområde, gjer greie for kva fag som har flest søkarar til læreplass utan tilbod ned til 10 søkarar frå vg2 og , og oversikt over oppretting av vg3-tilbod.

Etter oppdateringa som låg til grunn for oppretting av klassar, stod om lag 160 søkarar utan lærekontrakt. 91 av desse var i nærskuleområdet stor-Bergen.

Nærskuleområde	Tal utan læreplass vg2	Tal avgivarprogram
1, Sunnhordland	12	6
2, Hardanger og Voss	11	7
3, Stor-Bergen	91	20
4, Nordhordland	12	4
5, Indre Sogn	8	6
6, HAFS	0	0
7, Sunnfjord og Sogn	17	8
8, Nordfjord	7	5

Tabell 1: Søkarar utan læreplass. På nærskuleområde og tal programområde

Tabellen viser at den geografiske spreinga er monaleg og at søkarane er fordelte på mange avgivarprogram. Det gjer det vanskeleg å opprette vg3 utanfor byområda, sidan det i mange område ikkje vil vere tilstrekkeleg grunnlag frå eit relevant vg2-løp til å opprette vg3. Tilbod til søkarane utan tilbod må individualiserast der det ikkje er tilrådeleg å opprette eigne klassar.

Programområde	Utan læreplass vg2	...av desse kjem X frå ein skule i stor-Bergen	Utan avgivarskule	Totalt
Helsefagarbeidar	35	22	8	43
Elenergi og ekom	18	11	9	27
Industriteknologi	13	8	12	25
Barne- og ungd.arb.	13	8	6	19
Sal, service og sikkerheit	10	3	6	16
Køyretøy	11	7	1	12
Byggteknikk	10	7	0	10

Tabell 2: Programområda med flest søkarar til vg2 utan lærekontrakt

Som tidlegare år er det volumfaga HO og TIF som har flest søkarar utan tilbod. EL er også ein varsla gjengangar. Byggteknikk vil erfaringsmessig løyse seg utan vg3.

Tala viser ikkje kva kommune søkarane som står utan avgivarskule kjem frå. Truleg er det noko spreing her også, men det er lagt til grunn at majoriteten er i stor-Bergen.

Oppretting av vg3 fagopplæring i skule

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse har vurdert at programområde med 10 eller fleire utan tilbod vurderast for vg3 fagopplæring i skule. Tabellen under viser programområde og tal klassar som vert sett i gang.

Programområde	Tal klassar
Helsefagarbeidar	2
Elenergi og ekom	1
Industrieteknologi	1
Barne- og ungd.arb.	1
Sal, service og sikkerheit	1
Køyretøy	1

Tabell 3: Oppretta vg3 fagopplæring i skule

Saksnr: 2021/2407-4
Saksbehandlar Monica Håkonsli
Dato: 27.09.2021

Til: Yrkesopplæringsnemnda og hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse

Bruk av statlege kompetanseordningar skuleåret 21-22

Informasjon med utgangspunkt i Plan for Kompetanse og profesjonsutvikling kapitel 5.1 statlege kompetanseordningar .

Tabellen syner kva for ordningar fylkeskommen gjennomfører som er heilt eller delvis støtta av statlege midlar. Dette gjeld etter- og vidareutdanningar og lærararspesialistordninga, samt ordninga for kvalifisering og rekruttering av lærarar.

Ordning:	Tal på lærarar som har fått innvilga studiestøtte skuleåret 21-22. og studium / studiekategoriar.	Økonomi og finansiering
Vidareutdanning:		
Vidareutdanning for yrkesfaglærarar – Yrkesfaglærarløftet	77 lærarar har fått innvilga studieplass og studiestøtte til fordelt på følgjande studiar: <ul style="list-style-type: none"> - Anvendelse av ny teknologi, nettbasert, OsloMet - Djupne kompetanse og berekraft, nettbasert, OsloMet. - E- helse for HO og EL, HVL. - Læringsleiing, relasjonskompetanse og elevmedverknad, HVL. - Pedagogiske metodar og yrkesdidaktikk, nettbasert, Høyskolen i Østfold. - Programmering av mikrokontrollsystem, nettstudie, NTNU. - Tverrfaglegheit i naturbruk, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet. - Vurdering for læring; HVL. 	Kr 10 870 000
		Statlege midlar kr 10 620 00. Dette gjeld frikjøp og stipend. Fylkeskommunale midlar kr 250 000. skal dekke reise, opphald og læremiddel.

Vidareutdanning for lærarar – Kompetanse for kvalitet	113 lærarar har fått innvilga studieplass og studiestøtte til studiar innan følgjande kategoriar: <ul style="list-style-type: none"> - Programmering - Språk - Andre språkspedagogikk - Naturfag - Matematikk - IKT og læring - Profesjonsfagleg digitalkompetanse - Spesialpedagogikk - Rettleiarutdanning 	Kr 21 914 200 Statlege midlar kr 19 194 200. Dette gjeld frikjøp og stipend. Fylkeskommunale midlar kr 2 720 000. Dette gjeld delfinansiering av frikjøp, reise, opphald og læremiddel.
Rektorutdanning- vidareutdanning for skuleleiing	4	Kr 100 000 Fylkeskommunale midlar som skal dekke reise og opphald
Lærerspesialistordninga (pilotordning) – skal evaluerst i løpet av skuleåret 21-22	10 lærararspesialistar på fem skular. Amalie Skram vgs Bergen Katedralskole Nordahl Grieg vgs Sogndal vgs Stord vgs Skuleeigar har oppretta eit nettverk på tvers av skulane. Målet er å styrke arbeid med profesjonsfelleskapet.	Kr 1 458 000 Statlege midlar Kr 858 000 Fylkeskommunale midlar Kr 600 000
Kvalifisering og rekruttering av lærarar:	Om ordninga:	Økonomi og finansiering:
Stipend til kvalifisering og rekruttering	Ordninga gir moglegheit for at lærarar som er tilsett på vilkår eller har engasjement i skulen, og personar som skulen ønsker å rekruttere, men som manglar kompetanse for å søkje lærarstilling, kan få stipend for å ta utdanning som gjer at dei vert kvalifiserte lærarar.	Kr 6 264 000 Statlege midlar: Stipend til Praktisk Pedagogisk Utdanning (PPU) kr 4 176 000 Stipend til Yrkesfaglærarutdanning (YFL) Kr 2 088 000
Etterutdanning :	Om ordninga:	Økonomi og finansiering:
Lokalkompetanseutvikling – skule	Det er eit samarbeid mellom skuleeigar skular, og UH- sektor. Utgangspunktet for utviklingsarbeidet er skulen sin søknad til skuleeigar om å drive eit utviklingsarbeid på skulen. Skuleåret 21-22 har Vestland fylkeskommune inngått avtale med Universitetet i Bergen (UiB) . Det er for skuleåret 21-22 gitt tilslag til fem utviklingsarbeid, med tema innan innføring av nytt læreplanverk og elevaktiv læring. Døme på tema er : <ul style="list-style-type: none"> - Korleis få meir elevaktiv læring i digital undervisning. - Karakterdempa vurdering - Lesing som grunnleggjande ferdigheit. 	Kr 4 983 248 Statlege midla 3 833 268 Fylkeskommunale midla 1 149 980 Pluss: skulane betal 10% eigen betaling i ordninga. Dette beløpet kjem i tillegg. I fordelinga frå Statsforvalteren så er det gitt tilsvarande statlege overføringar til Universitet i Bergen.

	<p>Skulane som er med inneverande skuleår er: Desse skulene har klyngesamarbeid:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Amalie Skram vgs, Bergen katedralskole, Nordahl Grieg vgs - Eid vgs, Firda vgs, Stryn vgs - Høyanger vgs og Årdal vgs <p>Desse skulane har utviklingsarbeid på eigen skule.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Åsane vgs - Årstad vgs 	
Lokal kompetanseutvikling – yrkesfag	<p>Samarbeidsforum er i slutfasen med ein Handlingsplan for bruk av dei statlege midalene. Samarbeidsforum i ordninga har vedteke at i skuleåret 21-22 skal etterutdanningstiltaket Hospitering verte prioritert. Det er også kurs for instruktørar og faglege leiarar, yrkesfaglærar og prøvenemndsmedlemma.</p>	Kr 8 586 000
Lokalkompetanseutvikling – Kompetanseløftet – inkludering og spesialpedagogikk	<p>Det er inngått samarbeidsavtale med UiB om kartlegging av kompetansebehov innan denne ordninga samt eit pilotarbeid om samhandling mellom skulane og rettleiingstenestene.</p>	Kr 837 259
Lokal kompetanseutvikling vaksenopplæring	<p>Skulane arrangerer etterutdanningstiltak for lærarar og skuleleiarar som jobbar innan vaksenopplæring. Midalene overførast til skulane etter søknad.</p>	Kr 110 000

Saksnr: 2021/2757-3
Saksbehandlar Susan Husabø
Dato: 31.08.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse

Ny skala for tilleggspoeng ved søking til vg1 musikk, dans og drama og vg1 idrettsfag

Hovudutval for opplæring og kompetanse fekk i møte 17.2.2021 (RS-06/21) fylkeskommunedirektøren sin skala for tilleggspoeng. Hovudutval for opplæring og kompetanse løfta saka og bad om ny sak.

Mynde til å fastsette tilleggspoeng etter ferdigheitsprøve er etter §6.2 i lokal forskrift om inntak og formidling lagt til fylkeskommunedirektøren. Forskrifta vart vedtatt i fylkestinget i sak PS 107/2020, 29.09.2020. Saka vert derfor lagt fram som ei referatsak.

På grunnlag av diskusjonen i hovudutval for opplæring og kompetanse og deira vedtak har fylkeskommunedirektøren likevel gjort ei ny vurdering, og har fastsett slik poengskala for tilleggspoeng ved søking til vg1 musikk, dans og drama og vg1 idrettsfag:

- 3 poeng: Søkjaren viser god dugleik og utover gjennomsnittet.
- 6 poeng: Søkjaren viser dugleik som vidarekomen og har eit stort potensiale.
- 9 poeng: Skal berre gjevast til søkjarar som viser framifrå dugleik og eit uvanleg stort potensiale.

Saksnr: 2021/1290-4
Saksbehandlar: Silje Balgaard Lyngstad
Dato: 02.09.2021

Til: Fylkestinget
Fylkesutvalet
Hovudutval for opplæring og kompetanse
Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Hovudutval for næring
Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Klagenemnda

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Høve til å halde fjernmøter i 2022 etter at midlertidig lov om unntak frå kommunelova opphevast 01. desember 2021

Midlertidig lov om unntak frå kommunelova og IKS-lova (tiltak for å avhjelpe konsekvensar av covid-19), jf. Innst. 27 L (2020-2021) og Prop. 3 L (2020-2021), vart vedteke av Stortinget 23.10.20 og tok til å gjelde 06.11.2020. Lova gjev unntak frå kommunelova og IKS-lova, og inneber blant anna at folkevalde organ kan gjennomføre fjernmøter også når det skal behandlast saker som skal gå for lukka dører. Lova skulle opphevast 01.06.21. Grunna at situasjonen kring covid-19 framleis var uklår i juni 21, slutta Stortinget å forlenge den midlertidige lova. Lova er no satt til opphøyr 01.12.21.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sendte 14.01.21 ut høyring om forslag til endringar i lov om interkommunale selskap. KMD sine forslag til endringar kom som følge av at dei midlertidige endringane i IKS-lova var av ein slik karakter at dei burde bli permanente. Fylkesutvalet gav i sitt møte 09. februar 2021 i PS 20/21 *Høyringsssvar - forslag til endringar i lov om interkommunale selskap* slikt samrøystes vedtak i punkt 2:

«2. Vestland fylkeskommune meiner kommunal- og moderniseringsdepartementet bør fremme forslag om høve til å ha fjernmøte òg for saker som skal vere lukka etter kommunelova § 11-5 (2).»

I Prop. 143 L (2020-2021) kap. 6 har KMD, basert på høyringsinnspel, vurdert om det er behov for å endre regelen i kommunelova § 11-5 annet ledd om at ingen saker bak lukka dører skal kunne behandlast i fjernmøter. I punkt 6.4 første avsnitt har departementet vurdert og konkludert slik:

«Departementet mener at kommuneloven ikke bør endres slikt at det permanent åpnes for at saker hvor dørene skal lukkes etter § 11-5 andre ledd kan behandles i et lukket fjernmøte. De forholdene Vestland fylkeskommunene peker på, er relevante og nyttige innspill, men departementet mener de ikke er tungtveiende nok til å fremme endringer nå såpass kort tid etter at ny kommunelov og nye fjernmøteregler ble vedtatt. Innspillet tas med i vurderingen og evalueringen av den nye kommuneloven.»

Dette betyr at møter i folkevalde organ etter 01.12.21 må vere fysiske når det er saker som krev at møte må lukkast etter kommunelova § 11-5 andre ledd.

Fylkeskommunedirektøren vil vise til at dette vil gjelde for alle folkevalde organ, og vil sørge for at digitale møter vert avvikla utan saker på saklista som krev lukking etter kommunelova § 11-5 annet

ledd. Dette inneber at det for dei folkevalde heller ikkje vil vere mogleg å sette saker på sakskartet under digitale møter når det er saker som krev lukking. Det vil heller ikkje vere mogleg å gje munnlege orienteringar som fell inn under kommunelova § 11-5 annet ledd.

At det ikkje vil vere heimel for å halde digitale møter når saker krev lukking, vil få særleg betydning for klagenemnda sine møter kor store deler av saksomfanget er saker som krev lukking etter kommunelova § 11-5 annet ledd.

Prop. 143 L (2020-2021) kap. 6 viser at ei endring i kommunelova § 11-5 annet ledd likevel kan vere aktuell på eit seinare tidspunkt. Fylkeskommunedirektøren vil følge nøye lovarbeidet opp mot kommunelova, og vil komme attende med informasjon dersom det vert endringar på dette punkt.

Politiske saker
PS 48/21 Målform i vidaregåande opplæring

Saksnr: 2021/47822-1
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	48/21	06.10.2021

Målform i vidaregåande opplæring

Forslag til tilråding

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tilrår at fylkeskommunedirektøren set i gong arbeid med målbruksplan.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse tilrår fylkeskommunedirektøren at målbruksplanen må også innehalde retningsliner og tiltak for kravet om likeverdig tilbod i høve målform for elevar og lærlingar jf . Opplæringslova [§ 9-4](#)
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse tilrår at kurs i nynorsk jamleg blir tilbydd tilsette ved dei vidaregåande skulane og rettleiingstenestene

Samandrag

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse har i denne saka kartlagt tilgang på nynorske læremiddel, målbyte i overgangen til vidaregåande opplæring, nynorsk som kommunikasjonsform og tilbod om kompetanseheving for tilsette.

Vidare gjer avdelingsdirektøren vurderingar som fremjar Vestland som nynorskfylke og som gir elevane og lærlingane eit likeverdig tilbod i høve målform.

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Bekka Skaasheim
ass. avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka - historikk

Politisk handsaming av nynorsk som målform skuleåret 2020/2021:

Hovudutval for opplæring og kompetanse 27.04.2021:
[SI 4/2021 Spørsmål frå Fosse Andersen \(Sp\) - målbyte](#)

Hovudutval for opplæring og kompetanse 25.11.2020:
[RS 36/2020 Brev til Den norske forleggerforening - oppfølging av PS 51/20 i Oppko 13. oktober 2020](#)

Hovudutval for opplæring og kompetanse 13.10.2020:
[SI 17/2020 Spørsmål frå Fosse Andersen - Sp - om lærebøker på nynorsk](#)
[PS 51/2020 Høyringsfråsegn frå hovudutval for opplæring og kompetanse: Lærebøker på nynorsk](#)

Bakgrunn for denne saka er avdelingsdirektøren sitt svar på [SI 7/2021 Spørsmål frå Andersen \(Sp\) - om status for nynorsk ved skulestart](#), hovudutval for opplæring og kompetanse 08.09.2021 der Fosse Andersen stilte desse spørsmåla:

1. Kva er status for læremiddel på nynorsk, både trykte og digitale, ved skulestart no i haust?
2. Er det gjort «framstøyt» overfor elevar og tilsette i skulen for å fremje bruk av nynorsk og unngå målbyte til skulestart?
3. I kva grad vert nynorsk nytta ved dei vidaregåande skulane, spesielt i Stor-Bergen, til dømes på oppslagstavler og digitale skjermar?
4. På kva måte vert «Retningslinjer for klart språk og god nynorsk» nytta i fylkeskommunale verksemder utanfor fylkesadministrasjonen, til dømes dei vidaregåande skulane og Skyss?
5. Får tilsette i Vestland fylkeskommune tilbod om nynorsk kurs?

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse gjev i følgje reglement for folkevalde organ og delegering tilråding i saker som tek i vare fagansvaret og følgjer opp planar innan sitt ansvarsområde.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Saka er heimla i regional utviklingsplan der nynorsk språk er ein grunnleggande identitetsberar.

1. Innleiing

I hovudutval for opplæring og kompetanse, 08.09.21, svarde avdelingsdirektør at sektoren ville følgje opp saka og setje i gang eit arbeid med korleis det vert arbeidd med å fremje nynorsk.

Saka vil informere om prosess og status for:

- Læremiddel på nynorsk
- Målbyte i overgangen mellom grunnskulen og vidaregåande skule
- Nynorsk som målform i opplæringssektoren og bruk av retningslinjer for klart språk og god nynorsk
- Kompetanseheving i bruk av nynorsk i opplæringssektoren

2. Kartlegging

Læremiddel på nynorsk

Målform og læremiddel - Forankring i opplæringslova og forskrift til opplæringslova:

Opplæringslova § 9-4 slår fast at ein i grunnskulen og vidaregåande opplæring, med få unntak, berre kan nytte læremiddel som ligg føre på baa målføre til same tid og same pris. I forskrift til opplæringslova § 17-1 blir dette kravet ytterlegare omtala.

Tilbakemeldingar frå skulane er at bokmålsutgåvene som regel kjem før nynorskutgåvene. Dette kan variere frå nesten samstundes til 8 månader etter bokmålsutgåva. Skulane peikar og på at nynorskutgåvene kjem tidlegare i fellesfaga enn i programfaga, der programfaga i yrkesfaglege utdanningsprogram kjem sist. Det er likevel ein skilnad mellom trykte og digitale læremiddel i favør dei digitale. "Best i klassen" er NDLA der utgåvene kjem samstundes i begge målformer.

Målbyte i overgangen mellom grunnskulen og vidaregåande skule

Prop. 108 L (2019-2020) Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak) Lov om språk (språklova) står det mellom anna:

Tal frå Utdanningsdirektoratet syner at 12,1 prosent av norske skuleelevar hadde nynorsk som opplæringspråk i skuleåret 2018/2019. I skuleåret 2004/2005 hadde 14,2 prosent av elevane nynorsk som opplæringspråk. På desse åra har talet på nynorskelevar gått ned med om lag ti tusen elevar, til om lag 76 000 elevar i 2018/2019. Tala frå Utdanningsdirektoratet viser også at det er eit stort skifte frå nynorsk til bokmål i overgangen til vidaregåande skule.

Når elevane søker vidaregåande opplæring gjennom VIGO, møter dei val av målform. Dette valet er innstilt på nynorsk og elevane må aktivt gå inn og endre målforma til bokmål dersom eleven ønskjer den målforma. Om eleven ikkje har endra målform og ønskjer bokmål, er det uproblematisk å endre i oppstarten av skuleåret.

Kor mange elevar som byter målform når dei startar i vidaregåande skule er det ikkje statistikk på, men fleire skular peikar på at der læremiddel kjem ut på bokmål lenge før nynorskutgåve, vel nokre elevar å byte målform frå nynorsk til bokmål. Dette kan skje på alle trinn.

Nynorsk som målform i opplæringssektoren og bruk av retningslinjer for klart språk og god nynorsk
Fylkeskommunedirektøren har utarbeida [Retningslinjer for klart språk og god nynorsk](#) som er tilgjengeleg på Vestland fylkeskommune sine heimesider.

Alle dei vidaregåandeskulane har nettsider på nynorsk. I anna skriftleg kommunikasjon er det forskjellar mellom skulane i nynorskområde og i bokmålsområde. Ved dei vidaregåande skulane i nynorskområde vert det nytta nynorsk. Skular i bokmålsområde nyttar blanding av nynorsk og bokmål, medan nokon skular seier dei nyttar mest bokmål.

4. Kompetanseheving i bruk av nynorsk i opplæringssektoren

I desember 2021 skal Vestland fylkeskommune lansere nye nettsider til skulane. Webredaktørane på skulane skal i haust delta på kurs i klart språk og kurs i å skrive for nett. Begge kursa vert haldne på nynorsk av godt kvalifiserte kurshaldarar. Vidare vil skulane få støtte i arbeidet med å lage innhald til dei nye nettsidene, inkludert gjennomgang av innhald og språk.

Kommunikasjonsavdelinga hjå fylkeskommunedirektøren melder at reine nynorsk kurs ikkje er tilbydd, men det er gitt kurs i klart språk. Administrasjonen vil frå 2022 tilby jamlege kurs i nynorsk til alle tilsette i tråd med ny lov om språk som trer i kraft 1. januar 2022.

3. Vurderingar

Kartleggingane ovanfor viser at det er viktig å halde fram arbeidet med å styrke nynorsk som jamstilt skriftspråk til bokmål i heile organisasjonen.

I avdeling for opplæring og kompetanse er det særleg parallellkravet til læremiddel som skapar utfordringar dersom elevar og lærlingar med nynorsk som skriftspråk skal få eit likeverdig opplæringstilbod.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse syner til brev frå læremiddelforlag om parallellkravet, datert 16.11.2020 og handsama i OPPKO 25.11.2020 (vedlegg 1). I svaret peika Den norske forleggerforeningen på at

målet alltid er, i tråd med opplæringslova, at læremiddel skal kome ut på både målføre til same tid og til same pris. Vidare presiserer dei kor viktig det er at læreplanane er ferdige i så god tid at forlaga får utarbeide og produsere læremiddel før læreplanane skal nyttast i klasserom og verkstad. Forlaga har i denne samanhengen vore i dialog med departementa.

Skuleeigar har ansvar for at elevane og lærlingane får dei læremidla dei har krav på, og har ikkje høve til å nytte læremiddel som ikkje kjem ut på både skriftspråk til same tid og same pris, jamfør opplæringslova § 9-4:

I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.

Denne lovteksten skapar store utfordringar for vidaregåande opplæring dersom ein skal vente med å skaffe læremiddel til dei er produserte på både skriftspråk.

4. Tiltak

Fylkestinget vedtok nynorsk som administrasjonsspråk for Vestland fylkeskommune under møte 17. desember 2019. I PS-sak 20/2019 konkluderte prosjektleiaren at det blir sett i gang arbeid med å utvikle ein **målbruksplan** med framlegg til retningsliner og tiltak for god språkkunnskapar. Oppfølging av korleis Vestland fylkeskommune skal fylle lovkravet i samband med læremiddel bør vurderast inn i desse retningslinene.

5. Konklusjon

Det bør utarbeidast ein eigen målbruksplan for Vestland fylkeskommune. Målbruksplanen bør ha retningsliner for korleis Vestland fylkeskommune skal imøtekome lovkravet om parallellitet.

Saksnr: 2021/47481-1
Saksbehandlar: Susan Kathinka Halvorsen
Husabø

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	49/21	06.10.2021

Utdanningsprogrammet elektro- og datateknologi - dimensjonering og lokalisering

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse vil ikkje føreslå endringar i strukturen i utdanningsprogrammet elektro og datateknologi no. Det er behov for å vurdere kapasitet og struktur i alle dei i yrkesfaglege utdanningsprogramma i samanheng.
2. Saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23 skal syne tilstrekkeleg reduksjon i kapasiteten på vg1 elektro og datateknologi i nærskuleområde stor-Bergen, slik at ein kan kome i balanse med næringslivet sine behov for lærlingar hausten 2024.

Samandrag

Hovudutval for opplæring og kompetanse har bede om ei sak om dimensjonering av elektrofagtilbodet i fylket. Saka belyser fordelar og ulemper ved å samle utdanningsprogrammet, økonomiske konsekvensar og arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Tor Ivar Sandvik
konst. seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak PS 60/2020 *Sak om opplæringstilbod skuleåret 2021/22*, den 25.11.2020, gjorde hovudutval for opplæring og kompetanse slikt vedtak:

Elektro

Utval for opplæring og kompetanse ber om ei sak knytt til dimensjonering innanfor elektro-tilbodet. Saka skal drøfte fordelar og ulemper ved å samle utdanningstilboda på færre skular, størrelsen på fagmiljøa og økonomiske konsekvensar, samt arbeidslivets kortsiktige og langsiktige behov for kompetanse. Saka skal bidra til å belyse og sikre samsvar mellom skuletilbodet og tilgang til læreplassar.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har vedtakskompetanse etter Reglement for delegering etter særlov nr 26, Opplæringslova § 3-1.

Grunnlag

Skuleåret 2020/21 har 22 av skulane tilbod om vg1 elektro og datateknologi og eit eller fleire tilbod på vg2 nivå. Fylkeskommunen tilbyr vg2 i:

- elenergi
- automatisering
- datateknologi og elektronikk

Dei fleste skulane med vg2 automatisering og vg2 datateknologi og elektronikk har også vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget.

Frå vg1 elektro og datateknologi er det godkjente kryssløp til fleire vg2 programområde:

- Arbeidsmaskiner
- Brønnteknikk
- Industriteknologi
- Køyretøy
- Maritime fag
- Alle i utdanningsprogrammet teknologi og industrifag.

I tillegg er det kryssløp til vg2 ur- og instrumentmakar i utdanningsprogrammet handverk, design og produktutvikling.

Opplæringslova § 3-1 slår fast at «søkarar har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogram» Det betyr at fylkesdirektøren ikkje kan tilby plass ved godkjende kryssløp, dersom søkaren ikkje har søkt seg til slikt tilbod.

I «Forskrift om elektroforetak og kvalifikasjonskrav for arbeid knyttet til elektriske anlegg og elektrisk utstyr», heiter det i § 5:

«Foretak som utfører arbeid knyttet til elektriske anlegg og elektrisk utstyr, skal bare benytte kvalifisert personell. Med kvalifisert personell menes personer som oppfyller kravene i § 6 til § 10 og som er oppdatert på den faglige utviklingen.»

I § 6, to siste ledd heiter det:

Ufaglærte kan bygge og vedlikeholde elektriske anlegg når de blir direkte fulgt opp av person som oppfyller kravene i første ledd.


Ufaglærte kan utføre mindre arbeider på elektriske anlegg dersom dette utføres på sikkerhetsmessig forsvarlig måte.


Konsekvensane av krav til kvalifisert personell er at elektrobransjen i svært liten grad kan nytte ufaglært arbeidskraft, og er avhengig av å rekruttere lærlingar og fagarbeidarar.

Fordeling av elektro og datateknologi tilbodet skuleåret 2021/22: Bergensregionen i eige kart

Programområde

- ▲ Automatisering
- Datateknologi og elektronikk
- + Elenergi og ekom





Figurane syner fordeling av programområda. Vg2 elenergi og ekom er største programområde, i tal skular og i kapasitet.

Tabell 1 viser søking til vg1 elektro- og datateknologi dei siste tre åra. Tala viser at det er langt fleire søkarar til utdanningsprogrammet enn skuleplassar, og at oppfyllinga er og svært høg. Inneverande skuleår er det 100 % oppfylling på vg1 ved nær alle skulane i fylket.

Skuleår	plasstal	Søkarar med ungdomsrett
2019/2020	128 i Sogn og Fjordane 398 i Hordaland 526 totalt	198 467 665 totalt
2020/2020	552	670
2021/2022	514	652

Tabell 1 Kjelde Vigo

Også på vg2 er det gjennomgåande svært høg oppfylling. Det er to tilbod med under 50 % oppfylling - vg2 elenergi og ekom ved Odda vgs og vg2 datateknologi og elektronikk ved Eid vgs.

Innspel frå opplæringskontora

Avdelingsdirektøren har henta inn grunnlagsdata og vurderingar frå dei tre opplæringskontora i fylket, som også representerer Norges Elektroentreprenørforbund (Nelfo).

- Haugaland og Sunnhordland opplæringskontor for EI-fag
- Opplæringskontoret for elektrofag i Bergen og Omegn
- OFEL- Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane

Avdelingsdirektøren bad om oversiktar over tal inntekne lærlingar dei siste åra, fordelt på lærefag, der lærlingane hadde vg2 i skule som søkargrunnlag. I tillegg bad avdelingsdirektøren om tal intensjonsavtalar i dei ulike lærefaga.

Avdelingsdirektøren bad også opplæringskontora komme med synspunkt på organisering av utdanningsprogrammet, ev. samling på færre skular, og kva konsekvensar det kan ha for kvalitet

og rekruttering. I tillegg vart dei bede om vurderingar av framtidige behov for arbeidskraft og ev. endringar fylkeskommunen bør ta høgde for i sine planar.

Av lærlingar med ungdomsrett har dei tre opplæringskontora per no 48,5 prosent av alle løpande lærekontraktar i elektrofaga. 61,5 prosent av kontraktane er i frittstående bedrifter og i andre opplæringskontor, til saman 104 ulike aktørar.

Hovudpunkt frå tilbakemeldingane:

Samling av elektrofagtilbod på færre skular:

Her er dei spurde opplæringskontora samstemde i at lokale skuletilbod er viktige for rekruttering og for tilpassing til lokale forhold. Ingen av dei har erfaringar med at kvaliteten i opplæringa er dårlegare ved skular med smalare tilbod og mindre fagmiljø. Deira erfaringar er at kvalifiserte lærarar med engasjement er viktigaste faktoren for at elevane får god opplæring, med gode nettverk og god dialog med lokalt næringsliv.

På spørsmålet om konsekvensane av eventuell samling av tilboda ved færre skular i fylket, er svaret frå alle at dei fryktar dårlegare rekruttering.

Vurderingar av framtidige arbeidskraftbehov i bransjen:

Både Haugaland og Sunnhordland opplæringskontor for EI-fag og OFEL- Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane melder om aukande behov for arbeidskraft. Aukande elektrifisering og digitalisering aukar behovet, samtidig som ungdomskulla går ned i deler av fylket.

Tilbakemeldinga frå Nelfo-Bergen og omegn på søkartala til skuleåret 2021/22, var tydeleg på at det var ikkje rom for å auke opp kapasiteten i den delen av fylket. Dei meldte at dei håper at kapasiteten som no er (før utviding i sommar), vil skape betre balanse mellom tilbod og etterspurnad av lærlingar og faglært arbeidskraft.

Formidling til opplæring i bedrift.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse viser til informasjon gitt i y-nemnda 6.9.2021 og hovudutval for opplæring og kompetanse 8.9.2021 om prosessen med formidling til opplæring i bedrift.

Forskrift til opplæringslova § 6A-9, siste ledd, lyder

Fylkeskommunen skal tilby søkaren opplæring i skole dersom søkaren ønsker det, og dersom dei ikkje kan skaffe læreplass innan 1. september.

Formidlingsstatus per 7.9.21

Formidling til opplæring i bedrift, - data per 7.9.2021							Kapasitet og elevtal ved skulane, vg2 skuleåret 2020/21			
Nærskuleområde	Område nr	Søkarar frå programområde vg2 elenergi og ekom	Formidla	Skuleplass, trukket søknad, ukvalifiser og stoppa	Utan læreplass	Prosent formidla til bedrift	vg2 elenergi og ekom			
							Klassar	Plassar	Inntekne etter 3.inntak, 7.aug 2020	Oppfylingsgrad
Sunnhordland	1	39	35	3	1	90 %	3	42	41	98 %
Hardanger og Voss	2	27	24	1	3	89 %	1,5	22	22	100 %
stor-Bergen	3	150	120	7	25	80 %	12	180	178	99 %
Nordhordland	4	10	6	2	2	60 %	1	14	10	71 %
indre Sogn	5	12	12	0	0	100 %	1	12	12	100 %
Sunnfjord og Sogn	7	44	38	3	3	86 %	4	48	47	98 %
Nordfjord	8	8	8	0	0	100 %	1	12	12	100 %
Sum frå vg2		290	243	16	34	84 %	23,5	330	322	
Ikke direkte frå vg2		59	33	17	9	56 %				
Samla formidling		349	276	33	43	79 %				
Formidling til opplæring i bedrift, - data per 7.9.2021							Kapasitet og elevtal ved skulane, vg2 skuleåret 2020/21			
Nærskuleområde	Område nr	Søkarar frå programområde vg3 automatiseringsfaget	Formidla	Skuleplass, trukket søknad, ukvalifiser og stoppa	Utan læreplass	Prosent formidla til bedrift	vg2 automatisering			
							Klassar	Plassar	Inntekne etter 3.inntak, 7.aug 2020	Oppfylingsgrad
Sunnhordland	1	25	23	7	5	92 %	2	30	30	100 %
stor-Bergen	3	25	20	2	4	80 %	3	29	29	100 %
indre Sogn	5	14	13	0	2	93 %	1	12	9	75 %
Nordfjord	8	10	10	2	0	100 %	1	12	9	75 %
Sum frå vg2		74	66	11	11	89 %	7	83	77	93 %
Ikke direkte frå vg2		28	13	12	11	46 %				
Samla formidling		102	79	23	22	77 %				
Formidling til opplæring i bedrift, - data per 7.9.2021							Kapasitet og elevtal ved skulane, vg2 skuleåret 2020/21			
Nærskuleområde	Område nr	Søkarar frå programområde vg3 dataelektronikarfaget	Formidla	Skuleplass, trukket søknad, ukvalifiser og stoppa	Utan læreplass	Prosent formidla til bedrift	vg2 data og elektronikk			
							Klassar	Plassar	Inntekne etter 3.inntak, 7.aug 2020	Oppfylingsgrad
stor-Bergen	3	7	2	1	4	29 %	1	15	15	100 %
indre Sogn	5	12	11		1	92 %	1	12	12	100 %
Sunnfjord og Sogn	7						1	12	6	50 %
Nordfjord	8	6	6		0	100 %	1	12	8	67 %
Sum frå vg2		25	19	1	5	76 %	4	51	41	80 %
Ikke direkte frå vg2		13	7	6	6	54 %				
Samla formidling		63	45	8	16	71 %				
SUM alle programområde		514	400	64	56	78 %				

Tabell 2

Tabell 2 viser formidling frå vg2 elenergi og ekom, vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget våren 2021, og av søkarar som ikkje kjem direkte frå desse programområda. Søkarar som ikkje kjem direkte frå eit programområde kan ha søkt tidlegare utan å få læreplass, eller gjort eit omval tidlegare og no kome tilbake som søkarar.

Høgre del av tabell 2 viser kor mange søkarar til læreplass 21/22 som starta på vg2 20/21. Som ein vil sjå er ikkje talet søkarar til bedrift like mange som innteken elevar førre skuleår. Ein har ikkje teke omsyn til dei som eventuelt har slutta i løpet av året. Som ein ser vart det teke inn 322 elevar til vg2 elenergi og ekom hausten 2020, 290 av desse søkte om opplæring i bedrift våren 2021.

Vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget er tre år i skule og 1,5 års læretid etter det, sokalla avviksfag i forhold til hovudmodellen 2+2 år. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse viser til informasjon gitt i y-nemnda 6.9.2021 og hovudutval for opplæring og kompetanse 8.9.2021 om at desse søkarane er kvalifiserte til å gå opp til fagprøven utan læretid, og at dei vil få tilbod om dette.

Det største programområdet i volum i skule og i læreplass søkarar er vg2 elenergi og ekom, med 290 søkarar til dei ulike lærefaga, der vg3 elektrikarfaget er det største. Som det går fram av oppsummeringa var det per 7.9.2021 framleis 34 søkarar frå vg2 utan læreplass, i tillegg til 13 søkarar som ikkje kjem direkte frå vg2. Av desse 34 kom 25 av dei frå skulane i stor-Bergen. Dette underbygger Opplæringskontoret for elektrofag i Bergen og Omegn sitt innspel om for stor kapasitet av elevplassar i høve til læreplassar i denne nærskuleregionen.

Mobilitet

Det har vore jobba mykje for å auke mobiliteten hos søkarar til læreplass, dvs. auke viljen til å takke ja til ein læreplass som fører til at dei må flytte. Alle som jobbar med formidling av søkarar til læreplass og alle som strevar med å få tak i tilstrekkeleg tal lærlingar, veit at dette framleis er ei utfordring. Samtidig veit vi også at for ein del bedrifter er lærlingane rekrutteringsgrunnlaget for fagarbeidarar, og erfaringane er at lærlingar utanfor bu- og arbeidsmarknaden i mindre grad vert verande i bedrifta. Desse mekanismene har vist seg vanskeleg å snu. Ikkje på langt nær alle bedrifter har denne tilnærminga, men sidan bedriftene sjølv vel kven dei vil tilsette er det uansett viktig at fylkeskommunen spelar på lag med næringslivet.

Økonomi

Størstedelen av utgiftene i drift av skuleklassar er lønsutgifter. I yrkesfag er det ein føresetnad at skulane slår saman to klassar i faga kroppssøving og samfunnsfag. Samanslåtte klassar kan også vere på tvert av utdanningsprogram, men dette føreset sjølvstøtt partal i yrkesfagklassar samla.

Av dei 22 skulane som har tilbod om utdanningsprogrammet elektro og datateknologi er det 7 skular med 1 vg1 klasse, 13 skular med 2 parallelar og 2 skular med 3 parallelar. Ein kan tenke seg at skulane kan slå saman to klassar for eksempel vg1 elektro og datateknologi i fleire av fellesfaga. Det føreset for det første at det er tilstrekkeleg med klasserom av nødvendig storleik og i tillegg vil det krevje prosessar med fagorganisasjonane.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse si vurdering er at dei økonomiske innsparingane av samanslåtte klassar vil vere marginale.

Konklusjon:

Oppdraget frå hovudutval for opplæring og kompetanse er å vurdere dimensjonering og lokalisering av tilboda i utdanningsprogrammet.

Tilbakemeldingane frå opplæringskontora er eintydige på at god geografisk spreining av utdanningsprogrammet er svært vesentleg for å sikre rekruttering. Med kravet til sertifisert personell er bransjen heilt avhengig av fagarbeidarar.

Det er i realiteten i stor-Bergen det er behov for å redusere kapasiteten. Avdelingsdirektøren er klar over at oppretting av vg1 elektro og datateknologi for skuleåret 2021/22 ikkje er i tråd med reduksjonsbehovet. Grunnen til opprettinga var at det ikkje var skular i nærskuleområde som hadde plass til ein ekstra klasse i utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk eller teknologi og industrifag, som begge var å føretrekke ut frå næringslivet sine behov. For å kunne gi tilbod til alle søkarane blei det derfor oppretta ein ekstra klasse vg1 elektro og datateknologi.

For søkarar til yrkesfag er ulike kombinasjonar i ønskerækkefølge av dei tre utdanningsprogramma elektro og datateknologi, bygg- og anleggsteknikk og teknologi og industrifag svært vanleg. Målet var å auke kapasiteten, men ikkje i elektro og datateknologi.

Som nemnt er det fleire godkjente kryssløp frå vg1 elektro og datateknologi. Til inneverande skuleår var tala over søkarar og inntekne til desse kryssløpa slik:

- Arbeidsmaskiner, 1 søker, 0 inntekne
- Brønnteknikk, 12 søkarar, 4 inntekne
- Industriteknologi, 3 søkarar, 2 inntekne
- Køyretøy, 7 søkarar, 4 inntekne
- Maritime fag, 11 søkarar, 7 inntekne

Til saman var det 34 søkarar, der 17 konkurrerte seg inn i kryssløpet. Det var ikkje mange, men samla reduserte det behovet for vg2 tilbod i utdanningsprogrammet med i overkant av ein klasse. Som gjort greie for er det berre gjennom aktiv søking mogeleg å få overgang til andre utdanningsprogram, men her er det truleg behov for å få meir informasjonen ut til søkarane, dersom målsettinga er større søking til kryssløp.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse si vurdering er at det ikkje vil vere fornuftig å foreslå strukturendringar i eit utdanningsprogram, utan å sjå det i samanheng med den samla

yrkesfagstrukturen i fylket. For nærskuleområde stor-Bergen er det behov for å redusere kapasiteten for at tilbud og etterspurnad av læreplassar skal kome i balanse. Det føreset at justering av opplæringstilbodet ikkje kan ha hovudfokus på søkarane sine førsteval, men at ein ser yrkesfagsøkinga under eitt, med mål om å sikre balanse mellom tilgjengeleg læreplassar og søkarar, i alle bransjane.